



Maria dirigerer i Helgheim

- Jag bjuder mycket på mig sjælv, sa den nytilsette dirigent i koret Røyserett for alle til oss for nær 10 år sidan. Og Maria Malmsten har holdt ord, for no har ho stått på utan stans til glede for mange sang-glade i et stort distrikt.



Og ikkje har ho køyrd seg sjølv på den musikalske felgen heller, ho seier at ho ikkje er istand til å slutta! No er ho igang med å førebu ein ny konsert i Helgheim som har vorte eit hovudkvarter for det populære koret. Sprudlande kan ho melda at det er på stigande kurs og om stutt tid vil ha 34 songarar. Og ikkje nok med det - av 6 nye som kom frå sist haust er det også 2 etterlengta menn. Maria har sjølv gjort ein stor vervejobb og dei nye kjem frå heile kommunen.



Idag har Maria stått på med øving og presenterer for uskedalen.no eit repertoar som imponerer stort med omsyn til allsidigheit.

Konserten vert avvikla i Uskedal kyrkje 10. mars og repertoaret er i stor grad nytt: Det omfattar mellom anna Folk i husan, Liten fugl, fleire nasjonalprega svenske viser, Elgar og folkemusikk samt salmar. Fleire av numra er krevande, eit av dei svenske har såleis 8 røyster.

Maria kan også melde om spennende organisering av koret og ein brei musikalsk tilvekst. Ho nemner Gro Skeies pianospel og vokalemsemet Glimrah. Og det er ikkje tvil om at koret kjem til å by på mykje spennande også dette året, Til dømes kan vi nemna storstemnet på Os i mai. Maria er også svært glad for den uavbrotne kontakten med Rigakoret som starta for nesten 10 år sidan. Den har stimulert kora både der aust og her.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen